

Årsrapport 2009

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Innhold

Kapittel 1 - Om embedet	Side 3
Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer	Side 5
Kapittel 3 - Resultatområder	Side 10
Kongehuset	Side 10
Miljøverndepartementet	Side 10
Landbruks- og matdepartementet	Side 11
Kunnskapsdepartementet	Side 12
Barne- og likestillingsdepartementet	Side 19
Justis- og politidepartementet	Side 22
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 26
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Side 28
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 29
Statens Helsetilsyn	Side 32
Samferdselsdepartementet	Side 34
Utenriksdepartementet	Side 35
Kultur- og kirkedepartementet	Side 35
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	Side 35

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

Fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal har i 6 år vore gjenstand for einskapsfylkeforsøket, der fylkesrådmannen (som fylkesdirektør) både har vore budsjettansvarleg for statlege budsjettidelinger og arbeidsgjevar for våre statlege tilsette.

Som følgje av dette har embetet blitt nedprioritert og tapt minst ein stillingstildeling (planstilling). Det er også gjort grep med omsyn til økonomi utan at fylkesmannen har hatt innverknad på dei beslutningar som er fatta i perioden. Nærare omtale i vårt brev til FAD av 20.11.2009.

Fordi vi framleis i 2009 var ein del av einskapsfylkeforsøket leverer vi to rapportar frå Møre og Romsdal. All ressursrapporteringa (utanom fylkesmann og ass. fylkesmann) har vi samla i rapporten til Møre og Romsdal fylke. Då administrasjonssjefen er fylkeskommunalt tilsett, har vi ikkje lagt inn ressursar i den stillinga, jf pkt 1.2.2.

Frå 1.1.2010 er embetet i Møre og Romsdal gjenopprettet med oppgåver og organisasjon som dei øvrige fylkesmannsembeta i landet. Dette vil likevel først kome fram i årsrapporteringa for 2010.

Fylkesmannen er framleis sterkt uroleg for kraftsituasjonen i Møre og Romsdal, som både i fjor og i år fører med seg at straumkundane i Møre og Romsdal må betale langt meir for kraftforsyninga enn resten av landet. På lengre sikt er det nødvendig å få til auka kraftproduksjon lokalt, men kravet til oppgradering og styrking av nettkapasiteten er og nødvendig. Ny 420kV-linje Fardal-Giskemo er det viktigaste beredskapstiltaket for å hindre utfall og samanbrot i kraftforsyninga og må kome snarast. Sjå elles nærmere omtale i kap. 2.6.

1.2 Rapportering på ressursbruk

1.2.1 Embetet som helhet

På bakgrunn av forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal der de ansatte var knytta til fylkedirektørens styringslinje er ressursrapporteringa tatt med i rapporten frå Møre og Romsdal fylke.

Departement	FMMR	Sum	
	1510 Fagdep.		
Kongehuset	0	0	0
Miljøverndepartementet	0	0	0
Landbruks- og matdepartementet		0	0
Kunnskapsdepartementet	0	0	0
Barne- og likestillingsdepartementet		0	0
Justis- og politidepartementet	0	0	0
Kommunal- og regionaldepartementet		0	0
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	0	0	0
Helse- og omsorgsdepartementet		0	0
Statens Helsetilsyn		0	0
Samferdselsdepartementet		0	0
Utenriksdepartementet	0	0	0
Administrasjon		0	0
Embetsledelse	90	90	0
Sum:	90	0	90

1.2.2 Det administrative området

På grunn av forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal er ressursrapporteringa lagt i MRfylke-rapporten -

med unntak av fylkesmann og ass. fylkesmann som sto utover forsøket.

Område

	FMMR	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Embetsledelse (FM og ass. FM)	90	90 0
Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)	0	0
Arkiv	0	0
Regnskap og lønn	0	0
Personal	0	0
IKT	0	0
Informasjon	0	0
Ekspedisjon/forværelse	0	0
Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm)	0	0
Landsdekkende oppgaver på administrativt område	0	0
Sum:	90 0	90 0

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

I 2009 arrangerte fylkesmannen eit møte mellom Arbeidstilsynet og Mattilsynet i fylket saman med dei ulike tilsynsmiljøa hos fylkesmannen. Føremålet med møtet var å samordne dei kommuneretta tilsyna samt å utveksle erfaringar frå tilsynsverksemda. Dette tilsynsforumet skal møtast årleg, og oftare etter behov med sikte på at kommunane si belastning ved tilsyna skal verte minst mulig. Etter pålegg frå Arbeidstilsynet - som kunne tenkast å få vesentlig verknad for kommunen - innkalte fylkesmannen tilsynet og kommunen, der vi drøfta oss fram til på kva måte kommunen skulle etterkomme pålegget. Møtet var vellykka, og både tilsynet og kommunen har gjeve tilbakemelding om at dei såg på møtet som nyttig.

Vi har i 2009 dreve folkevalgtopplæring for fleire kommunar der vi har orientert kommunestyra om saksbehandlingsreglane i folkevalgte organ og mer generelle saksbehandlingsreglar. Denne arenaen vert også brukt til å formidle satlege styringssignal direkte til dei folkevalgte representantane.

I samband med Stortingsvalet arrangerte vi valkonferanse for kommunane der alle kommunane i fylket deltok. På denne konferansen vart også valnattprosjektet presentert av SSB.

2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Ein viser til årsmeldinga for Møre og Romsdal fylke.

Embetsoppdrag som gjeld klage, tilsyn og overvåking har vore utført av fylkesmannen.

Fylkesmannen har gjennomført ein Statsborgarseremoni i 2009.

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

Tilsyn/klage på utdanning- og barnehageområdet

Tilsyn

Utdanning

I løpet av det siste året har vi hatt 14 tilsyn på opplæringsområdet.

Vi har gjennomført 5 nasjonale tilsyn med 4 kommunar og ein privat skule og tilsynstemaet var organisering av elevar i grupper. Vidare har vi gjennomført 3 kommuneretta tilsyn og eitt tilsyn med privat skule på spesialundervisning og tilpassa opplæring jf. opplæringslova §§ 13-10, 5-1 og 1-3.t. I tillegg har vi gjennomført 5 tilsyn med kommunar etter § 5-7 i opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp i førskulealderen.

I tilsynet på spesialundervisning, tilpassa oppæring og spesialpedagogisk hjelp i førskulealderen etter §5-7 har vi vore opptatt av å fokusere på grensegangen mellom ordinær opplæring og spesialundervisning, mellom tiltak etter barnehagelova og spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn. Her har den nye ”Veileder” til spesialundervisning vore til god hjelp.

Vi har også hatt nokre hendelsesbaserte tilsyn på §9a Elevens skolemiljø. Desse sakene har gjerne starta som klagesaker eller bekymringsmeldingar. Vi har brukt svært mykje tid til rettleiing/rådgivning og sakene har løyst seg slik at vi ikkje har skreve tilsynsrapport på desse forholda.

Vi har valt ut tema og tilsynsobjekt utfrå risikovurdering i dei fleste tilsyna. Utgangspunktet har vore kostra-tal, gsi- tal, klagesaker spesialundervisning, Elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamen i grunnskulen, oppslag i media og kontakt frå foreldre. I løpet av dei to siste åra har vi styrka vår kompetanse på statistikk og analysearbeid og ser store gevinstar i det i tilsyns- og rådgivnings-arbeidet vårt overfor skuleeigarane.

I tillegg gjennomførte vi tilsyn med kommunar om gruppestorleik, med innsendt rapport pr 1. april 09.

Vi har sett over fleire år at ein del kommunar slit med manglande skulefagleg kompetanse og særleg forvaltningskompetansen som gjer at kvalitetssikringsarbeidet på oppvekst og opplæringssektoren etter vår vurdering er ikkje god nok. Derfor bruker vi mykje tid på å støtte kommunane i kvalitetssikringsarbeidet gjennom telefonkontakt og møte. I tillegg har vi kalla inn den enkelte skuleeigar til særskilte møte der konkrete klage- og tilsynssaker har vore tema. Vi har gjennomført fylkesamlingar for skulefagleg ansvarlege på kommunenivå der §9a i opplæringslova + andre paragrafar i opplæringslova har vorte gjennomgått ut frå ei vurdering av behov bla gjennom innkomne saker – vi har også presisert spesielt §2-15 i opplæringslova om gratis grunnskuleopplæring.

I tillegg registerer vi at media tar opp mange saker som vi kanskje burde ha følgd opp betre. Men på grunn av kapasiteten på kontoret har vi ikkje sett oss å stand til å følge opp dette meir. Vi vil understreke at ein del av arbeidstida til dei tilsette går med til reise i samband med tilsynsbesøk i og med at vi har eit langstrakt fylket med 36 kommunar. Vi har også dette året prøvd å effektivisere ressursbruken på tilsyna med t.d. å slå saman før- og opningsmøte, gjennomføre tilsyn i to kommunar på etterfølgjande dagar osv. Vi ser at vi burde ha enda meir ressursar til tilsyn og til å følgje opp skuleeigarane meir med rådgivning og rettleiing.

Vi viser til pkt 31.1 Tilsyn der vi omtalar tid som har gått med til anna arbeid innanfor tilsynsfeltet, nemleg utvikling av arbeid med læreplantilsynet som embetet har fått i oppdrag av utdanningsdirektoratet å gjøre.

I tillegg omtalar vi der ekstra arbeid og tid som avdelinga har brukt for å heve kompetansen på tilsynsarbeid innanfor vidaregående opplæring fordi vi ikkje har deltatt i dette tilsynsarbeidet på 6 år på grunn av forsøket med einskapsfylket.

I 2008 deltok vi i eit prosjekt som Fylkesmannen i Sør Trøndelag initierte og der Fylkesmannen i Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal vart invitert med. Det handlar om samordning av statlege etatar som driv med kommuneretta tilsyn. Dette har resultert i betre kontakt og samarbeid med bl.a. Arbeidstilsynet i forhold til §9a i Opplæringslova om Elevens skulemiljø. Arbeidstilsynet har nemleg hatt ei særleg fokus på tilsyn med arbeidsmiljøet på skular i 2009 og dette vil også halde fram i 2010.

Barnehagar

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåvane kommunen som barnehagestyresmakt er pålagt etter barnehagelova. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i tilsynet i 2009 valt å sette fokus på kommunane sitt tilsyn med barnehagane. Dette inneber kommunen sitt tilsyn med både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. Det er viktig at kommunen opptrer likt overfor barnehagane og at det vert stilt dei same krava til dei ulike barnehageeigarane.

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med tre kommunar i 2009 og systemrevisjonsmetoden er nytta for alle dei tre tilsyna. Vi fann eitt avvik i ein av kommunane. Når det gjeld meir informasjon om funn, viser vi til oversynet seinare i rapporten.

Generelle erfaringar med tilsynsaktiviteten i 2009 er at det framleis er vanskeleg for mange kommunane å skilje mellom rollen ; kommunen som barnehagemyndighet og kommunen som eigar, men det er altså stor forskjell mellom kommunane.

Nokre kommunar har gått saman for opplæring innanfor tilsynsområdet. Fylkesmannen har gitt skjønnsmidlar slik at kommunar i ein region kan prøve ut samarbeidsmodellar for tilsyn.

Klage

Opplæringslova

Talet på klagesaker på spesialundervisning i grunnskulen og spesialpedagogisk hjelp i barnehagen er 50, og fordeler seg slik: 16 saker spesialpedagogisk hjelp etter §5-7, 10 klagesaker på vaksenopplæring, 24 klagesaker på spesialundervisning i grunnskulen. Klagar får medhald i ca. 35% av sakene. Vi har motteke klagesaker frå 18 kommunar – med variasjon på 1 – 8 klagesaker frå kvar av desse kommunane.

I tillegg har vi 4 klagesaker etter § 9a i opplæringslova som går på det psykososiale miljøet i skulen der klagar fekk delvis medhald i 2 av sakene og avslag i dei andre.

Vi har behandla 2 klagesaker på rett til særskilt norskopplæring for minoritetsspråklege elevar etter §2-8 der klagarane fekk medhald.

Det var 18 klagesaker på skyss/farleg skuleveg etter §7-1 i opplæringslova. I 4 av sakene fekk parten medhald, og avslag i dei øvrige. I tillegg har vi behandla nokre få klagesaker på tidleg skulestart etter §2-1, utvisning etter §2-10 og utvida tid til grunnskuleopplæring etter §2-1. Partane fekk ikkje medhald i desse sakene.

Talet på klagesaker har om lag same omfang som i fjar. Ca. 50% av sakene må vi sende tilbake fordi dei er for dårleg utgreidd i kommunane og/eller fordi vi må innhente nye utfyllande opplysningar før saka kan bli endeleg behandla av fylkesmannen.

Barnehagelova

Det vart fatta 14 vedtak i klagesaker i medhald til Forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentleg tilskott. Alle sakene galdt tilskott til ikkje-kommunale barnehagar i to kommunar. I 12 av sakene oppheva fylkesmannen det kommunale vedtaket og i 2 saker fekk ikkje klagarane medhald.

2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Sjå MRfylke-rapporten kap 2.4.

2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Miljøvern

Fylkesmannen har i einskapsfylkeperioden hatt avgrensa ansvar for arbeid innafor dette området. Det gjeld i all hovudsak klagesaksbehandling knytt til vedtak etter motorferdselloven og viltloven med forskrifter der kommunane fattar enkeltvedtak og fylkesmannen er klageinstans. Arbeidsomfanget på dette området har vore om lag slik det har vore dei siste åra.

Arbeid med søknadsbehandling etter forureiningslova har hatt så stort omfang at det har gått ut over tilsynsoppgavene. Vi har deltatt i alle nasjonale tilsynsaksjonar. Dessutan har vi gjennomført eigeninitiert tilsyn, m.a. over for fiskeoppdrett.

21.2 Skogbruk

Aktiviteten i skogbruket i Møre og Romsdal har helde seg relativt stabilt dei siste åra. Trass i uro i finansmarknaden og varsle hogsstopp i deler av fylket var hogsten i 2009 på ca 82.000 m³, noko som er omtrent på same nivå som året før.

For 2009 var det ein svak auke i ungskogpleieaktiviteten. I alt blei det gjennomført ungskogpleie på 7.578 daa. Plantekaktiviteten er derimot redusert, noko som for ein stor del kan skuldast utfordringar knytt opp mot gransnutebille og plantetidspunkt.

Vår satsing på bruk av utanlansk arbeidskraft til skogkulturarbeidet har vist seg positiv, og er noko vi vil utvikle vidare saman med oppbygging av lokal arbeidskraft

Øvre Tabellar og statistikk for aktiviteten i skogbruket i Møre og Romsdal vert presentert i eiga årsmelding for landbruksavdelinga. Under følgjer ei redgjering for nokre av satsingsområda vi er involvert i. Skogbruksplanlegging er rapportert gjennom T-skog.

1. Skogsbilvegprosjekt i kystfylka

Prosjektet er finansier og etablert. Prosjektleiar tilsett. Hovudplanar for skogsbilvegar under arbeid i alle fylke. Møre og Romsdal er først ute med mal for dette arbeidet. Prosjektet er utvida til også å omfatte terminalar/kaier for båttransport.

2. Skog og klima

Stortingsmeld. nr 39 2008-2009 frå LMD har lagt rammer og føringar for arbeidet, norsk politikk og standpunkt i høve internasjonale avtalar likeeins. Under arbeidet med klimaplanen for fyket var det 3 verkstadar om skog: skog og karbonbinding, bioenergi og tre i bygg. I regi av fylkeskommunal oppfølging blei det arrangert klimaskogkonferanse denne hausten i Bodø, 4 deltagarar frå M&R. Forskarmiljøet ved Skog og Landskap har vore aktivt nytta som kompetansemiljø i arbeidet.

3. Taubanekonsulent i landsdelen

Prosjektet er finansiert og etablert. Opplæring i vegplanlegging og i skogsdrift med taubaneutstyr etablert ved Skogsenteret på Mære. Aktiv samhandling i taubanemiljøet langs kysten mellom skogandelslag, prosjektleiar og entreprenørar.

4. Skognæringsforum i kystfylka/landsdelen

Nokre fylke har etablert eige skognæringsforum. I Møre og Romsdal har vi til no nytta referansegruppa for strategiplanen og meldinga om kystsogbruksplanen. Målsetting om skognæringsforum i M&R første kvartal 2010 med representantar for heile verdikjeda (skog til ferdige treprodukt). Kystfylka arbeider med etablering av eit representativt skognæringsforum for heile kysten, med mål om koordinering av arbeidet med dei tema som er av felles karakter for næringsutøvarane i eit *Oppfølgingsprogram for Skognæringa Kyst*. Planlagt konferanse om dette febr-2010.

5. Etablere samarbeidsprosjekt i Ørsta

I løpet av 2009 har vi fått det formelle rundt prosjektet i orden, og det er noe tilsett prosjektleiar i 80 % stilling. Oppstart for prosjektet er januar 2010. Vi har i første omgang valt å konsentrere innsatsen mot Ørsta kommune. Her har skogreisinga komme lengst, vi har ferske data frå skogbruksplanlegging og kommunen har spesielle utfordringar med tanke på eigedomssstruktur. Prosjektet er ein del av Bygdeforsk sit prosjekt "Fra ti til en".

6. Skogkultur

For utan ordinære oppgåver innan skogkultur har Møre og Romsdal i samarbeid med Skog og landskap hatt eit ekstra fokus på problemstillingar knytt til ny forynging og gransnutebille.

7. Vegbygging

Det er stor interesse for bygging av skogsvegar i Møre og Romsdal, og vi får inn langt fleire søknader om tilskot til vegbygging enn det er rom for å løyve til, med dagens tilskotsrammer.

2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Svineinfluensaen prega beredskapsarbeidet i 2009. Helse- og sosialavdelinga og kommunal- og beredskapsavdelinga var tungt involvert frå slutten av april og ut året. Andre fagavdelingar deltok også, først og fremst gjennom våren og sommaren då risikoen for høgt sjukefråver og behovet for kontinuitetsplanlegging stod sentralt.

Når denne årsrapporten vert skriven, står det framleis att å evaluere fylkesmannen og andre styresmakter si handtering av pandemien. Det er, for den del, heller ikkje sikkert at pandemien er slått tilbake og farene er over. Frå vår førebelse internevaluering, vil vi likevel trekke fram at pandemien har vore ein nyttig eksersis for embetet sin beredskapsorganisasjon. Vi kom aldri så langt at det for vår del vart snakk om reell krisehandtering, men vi fekk likevel brukt og prøvd dei beredskapsplanane, organisasjonsstrukturane, samhandlingsstrukturane og tekniske hjelpearådene som er etablerte, og nokre nye som kom til under vegs. Bruken av faste, strukturerte telefonmøte, både mellom Helsedirektoratet og fylkesmennene og mellom fylkesmannen, kommunane og helseføretaka er eit nytt "grep" som vi håpar blir vidareført også under andre situasjonar/kriser, også når andre nasjonale fagstyresmakter er involverte.

Førebyggande samfunnstryggleik i arealplanlegginga (resultatområde 53.3) er utfrå ressursbruk det største enkeltoppdraget innanfor fagområdet. I 2009 brukte Fylkesmannen i Møre og Romsdal i overkant av eitt årsverk på samfunnstryggleiksflagleg rådgjeving, rettleiing og uttalar til kommuneplanar, reguleringsplanar og dispensasjonssaker. I løpet av dei siste åra har behovet for innsats på dette området auka kraftig. Dette som ei

følgje av fleire forhold: auka saks mengd, skjerpa regelverk og særskilde lokale utfordringar knytt til risiko for fjellskredgenererte flodbølgjer. Totalt handsama fylkesmannen 1221 kommuneplanar, kommunedelplanar reguleringsplanar og dispensasjonssaker i 2009. Dette er 8% fleire enn i 2008. Til 13 av plansakene vart det fremja motsegn utfrå manglande ivaretaking av samfunnstryggleiksmessige forhold. Talet på motsegn har vore stabilt og etter vår vurdering *høgt* dei siste åra. I nær framtid ser det ut til at talet vil halde seg på dette nivået, først og fremst fordi krava til ROS-analysar og dokumentasjon av tryggleik er blitt skjerpa, og at det tek tid for kommunar og private tiltakshavarar å tilpasse seg dei nye krava. I eit lenger tidsperspektiv meiner vi likevel å sjå ein tendens til auka medvit og kunnskap om førebyggande samfunnstryggleik i arealplanlegginga, og at dette, i løpet av nokre år, vil føre fram til både tryggare arealplanlegging og mogleheter for fylkesmannen til å prioritere andre oppgåver.

Også i 2008 har arbeidet med fjellskred- og flodbølgjerisiko kravd stor innsats frå embetet. I tillegg til dei kjende høgrisikoobjekta ved Åkneset og i Heggurdaksla, vart eit fjellparti ved fjellet Mannen i Romsdalen definert som høgrisikoobjekt i 2009. Dette objektet vart identifisert og klassifisert gjennom FylkesROS-fjellskred og etablering av overvaking vart utgreia gjennom eit eige prosjekt våren 2009. Eit ”førstegenerasjons” overvakingssystem vart sett i drift før jul i 2009. Overvakainga er etablert og drifta av Åknes/Tafjord Beredskap IKS på oppdrag frå Rauma kommune.

Etter fleire år med fokus på etablering av overvaking, forvaltningsmessig organisering, beredskapsplanlegging og øving stod utfordingar knytt til arealplanlegging og utbygging i fokus i 2009. Endringa av teknisk forskrift § 7-32 markerte eit tidsskilje for dette arbeidet. I den endra forskriftena er det gitt unntaksbestemmelser som etter nærmere gitte vilkår, blant anna krav om beredskap, opnar for ny og vidare utbygging av fareområda langs Storfjorden og i Romsdalen. Dette gir sjølv sagt mogleheter for å planlegge vidare samfunnsutvikling i dei berørte kommunane, men samstundes er det også klart at utgreiing- og dokumentasjonskrava som følgjer av forskriftena vil med føre mykje arbeid – både for kommunane og for fylkesmannen som rådgjevar og regional planstyresmakt.

Som nemnt i fjarårets rapport er vi glade for at NVE har fått overordna ansvar for staten si handtering av skredrisiko, og for at vi heilt frå begynnelsen har funne gode former for samarbeid. Den forvaltningsmessige avklaringa som no står att er å finne ei føremålstenleg forankring for Åknes/Tafjord Beredskap IKS (ÅTB) sitt beredskapscenter på Stranda. ÅTB har gjennom dei siste fem åra bygd opp ein unik kompetanse både i nasjonal og internasjonal målestokk. Teknisk forskrift sine krav til operativ overvaking er både eit klart signal om tillit til det som er etablert og ei understrekning av behovet for kvalitet i dei tenestene som ÅTB er dei einaste som i overskodeleg framtid er i stand til å ivareta.

Fylkesmannen er kjent med at NVE har fått i oppdrag å utgreie staten sitt framtidige forhold til ÅTB, og vi har gitt innspel til det arbeidet. I denne samanhengen vil vi likevel understreke kor viktig det er at fagmiljøet som er etablert i ÅTB får ei klart definert rolle i den nasjonale handteringen av skredrisiko og at verksemda får føreseielege og langsiktige driftsvilkår. Dagens situasjon, der eit interkommunalt eigarselskap kvart år må søkje om årlege tilskot, gjennom ein langvarig søknadsprosess og i konkurranse med mange andre skredsikringstiltak, er ein uhaldbar driftsmodell. At det interkommunale selskapet ikkje har forpliktelsar utover eigarkommunane sine grenser, og at kommunar utanfor, med klart behov for selskapet sine tenester, kan velje å ikkje gå inn i selskapet understrekar behovet for ei anna organisering rundt ÅTB. Etter vår vurdering peikar to modellar seg ut som mest aktuelle: At staten kjøper overvakings- og varslingstenester etter nærmere spesifiserte langtidskontraktar (som f.eks. innanfor samferdselssektoren) eller at staten løyser ut dei noverande eigarane og sjølv tek over arbeidet med overvaking av høgrisikoobjekt.

Som også nemnt i fjarårets rapport er vi framleis urolege for kraftforsyningssituasjonen i fylket, og det er uheldig at konsesjonshandsaminga av den planlagde 420 kV-linja frå Sogn til Sunnmøre trekkjer i langdrag. Etter vår vurdering er snarleg utbygging av denne linja det viktigaste tiltaket for å førebygge både samanbrot som følgje av ekstreme påkjenningar og forsyningsproblem i tørrår. Den nye linja representerer eit stort naturinngrep, men dette må vegast opp mot at linja gir meir effektiv fordeling av tilgjengeleg kraft, og behovet for nye utbyggingar (med dei konsekvensane det medfører) vert redusert. Det er også viktig at utbygginga vert gjennomført på ein slik måte at mest mogleg eksisterande nett (med lågare spenning) kan sanerast.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Møre og Romsdal har hatt 2 besøk frå Kongehuset i 2009:

- HM Kong Harald - øvelse "Gemini" i Kristiansund 27.5.2009
- HKH Kronprinsesse Mette-Marit - opning av Norsk Møbelindustriforenings 100-årsjubileum i Ålesund og besøk hos Ekornes ASA og LK Hjelle i Sykkylven 11.11.2009.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

I Møre og Romsdal er det delt ut 2 Kongens fortjenstmedaljar i gull og 14 i sølv dette året.

Ressursrapportering

All ressursrapportering ligg i MRfylke-rapporten.

Resultatområde	FMMR	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 00.1 og 00.2	0	0	0
Sum:	0	0	0

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturen mangfold og friluftsliv

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Vi har behandla 2 klager på vedtak etter motorferdselloven i løpet av året.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Vi har behandla 16 klager etter viltloven i løpet av året. Dei fleste av klagene gjaldt kommunale vedtak med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever.

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

07.3 Virkemidler og prosesser

Tilsyn

07RA3 Vi har avslutta undersøkingane i tre kommunar som blei starta hausten 2008 når det gjeld kommunane sin myndigheitsbruk overfor m.a. forsøpling. Det blei planlagt og avtalt tilsvarende undersøkingar i tre nye kommunar for gjennomføring i 2010 (Kommunen som avløpsmyndighet).

Vi har deltatt i fire landsdekkjande kontrollaksjonar slik som planlagt. (Bygge- og riveavfall, galvano, mottakskontroll ved deponi og mottakskontroll ved forbrenningsanlegg)

Vi har gjennomført kontollar overfor fire oppdrettsanlegg.

Dessutan har vi avslutta tidlegare igangsett brevkontroll med kommunar når det gjeld innandørs og utandørs armatur som kan inneholde PCB. Eigarar av lysløyper gjeld armaturar som inneheld PCB er og blitt fylgt opp.

Vi har hatt kontollar ved sorteringsanlegg for avfall som vi trur ikkje etterlever konsesjonsvilkår. Vi hadde ein utrykningskontroll i samband med akutt forurensing.

Vi hadde brevkontroll med dei 52 største hamnene i fylket i forhold til krav i avfallsforskrifta om avfallsplan og at det ikkje skal krevjast inn særskilt avgift for levert avfall.

På grunn av ymse permisjonar har arbeidskapasiteten vore vesentleg mindre enn normalt. Derfor har ikkje tilsynsarbeidet fått så stort omfang som planlagt. Vi har ikkje hatt kontroll i mudre- og dumpesaker.

Ressursrapportering

All ressursrapportering ligg i MRfylke-rapporten.

Resultatområde	FMMR	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 01	0	0	0
Resultatområde 02		0	0
Resultatområde 03	0	0	0
Resultatområde 04	0		0
Resultatområde 05		0	0
Resultatområde 06	0		0
Resultatområde 07	0	0	0
Sum:	0	0	0

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Fylkeslandbruksstyret hadde sju møter i 2009, i tillegg til at det blei halde eitt telefonmøte. I møta blei det behandla 17 ordinære saker (klagesaker og saker der fylkeslandbruksstyret gjorde vedtak i første instans).

Av sakene var 8 klager etter jordlova § 12 og 3 var klager på konsesjon. I tillegg vart det behandla eitpar klager på buplikt etter odelslova § 27 og eitpar saker som gjaldt odelsfrigjering.

Fylkeslandbruksstyret behandla også 5 saker der fylkesmannen innstilte på omgjering etter forvaltningslova § 35. Det blei også behandla ei høyringssak om ny vernebestemmelse i jordlova.

Det er avgitt eigen rapport til Statens landbruksforvaltning som avkrevd, både i høve praktiseringa etter jord-, konsesjons- og odelslovgivinga og det som gjeld jordfondet.

Ressursrapportering

All ressursrapportering er i MRfylke-rapporten.

Resultatområde FMMR Sum

1510 Fagdep. 1510 Fagdep.

Resultatområde 21	0	0
Resultatområde 22	0	0
Resultatområde 23	0	0
Resultatområde 24	0	0
Resultatområde 25	0	0
Resultatområde 26	0	0
Sum:	0	0

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

Viser til 31.1. for nærmere omtale

31.1 Tilsyn og oppfølging av regelverk

Vi har gjennomført 14 tilsyn i 2009 medrekna dei nasjonale tilsyna som vart gjennomført med 4 kommunar og ein privat skule.

Tilsynsobjekt ved tema forsvarlig system, tilpasset opplæring og spesialundervisning er valt ut med det formål at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skulle føre tilsyn med alle kommunar og privatskolar i fylket over dette temaet. Kommunene og privatskolene som er valt som tilsynsobjekt over dette tema i 2009, er derfor dei som stod igjen etter tilsyn over same tema i 2006, 2007 og 2008. Dette målet er nå oppfylt. Etter tilsyn med alle dei 36 kommunane på desse tema, har vi ein god oversikt over status på område i fylket og ser klart kva område som det er viktig vi fokuserer på i rettleiinga av skuleeigarane som vi har tatt opp på fylkessamlingar, jf nedanfor.

Temaet forøvrig våren 2009 var forsvarlig system og organisering av elevene i grupper (etter 01.08.09 klasser eller basisgrupper). Utvalet vart gjort på bakgrunn av ei risikovurdering. Utgangspunktet har vore kostra-tal, gis-tal, klagesaker spesialundervisning, Elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamen i grunnskulen, oppslag i media og kontakt frå foreldre. I dette tilsynet har vi altså brukt resultat av eksamen og prøver som eitt av momenta ved utveljing av skuleeigarar.

Temaet hausten 2009 var forsvarleg system og spesialpedagogisk hjelp til barn i førskolealder. Begrunnelsen for val av tema er at klageomfanget på området tilseier at dette er eit felt der lovforståinga og regeletterfølgelsen er svært varierande. Samtidig har vi eit nasjonal fokus på tidlig satsning. Spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn vil vere ein del av ei slik satsning. Kommunene vart valt ut på eit skjønnsmessig grunnlag, blant anna på bakgrunn av klagebehandling.

Tilsynsmetoden har vore systemrevisjon. Vi har tilSAMAN gitt 6 avvik på dei 9 tilsyna vi har hatt utanom dei 5 nasjonale tilsyna vi har gjennomført i 2009.

Rapportar er sendt alle skuleeigarar, og vi har bedd om plan for utbetring der det er avvik. Som vi ser av kommentarane i tabellen, er ikkje alle tilsyna avslutta enno. Men vi har utarbeidd god oversikter over alle tilsyna, med bl.a. tidsfrister for tilbakerapportering og oppfølging slik at det skal vere lett å følgje opp kvart enkelt tilsyn.

Vi har også hatt nokre hendelsesbaserte tilsyn på §9a Elevens skolemiljø. Desse sakene har gjerne starta som klagesaker eller bekymringsmeldingar. Vi har brukt svært mykje tid til rettleiing/rådgivning og sakene har løyst seg slik at vi ikkje har skreve tilsynsrapport på desse forholda.

I løpet av dei to siste åra har vi styrka vår kompetanse på statistikk og analysearbeid og ser store gevinstar i det i tilsyns- og rådgivnings-arbeidet vårt overfor skuleeigarane. Vi har utarbeidd gode oversikter over tilsynsaktiviteten dei siste åra der det går fram bl.a. kva resultata av tilsyna var.

Vi har gjennomført ei regelverksamling for heile fylket der både skulefagleg ansvarlege og skuleleiarar vart invitert. Vi gjekk gjennom sentrale paragrafer i opplæringslova der vi ser at skuleeigarane har utfordringar. Det

ser vi gjennom tilsyn, klagesaksbehandling, telefonkontakt og medieomtale. Vi fokuserte særleg på §9a-3 i opplæringslova om Elevens skulemiljø og inviterte fagpersonar frå utdanningsdirektoratet som presenterte "Program for læringsmiljø". Vi tildelte også nokre midlar til regionane slik at dei kunne følgje opp denne regelverksamlinga regionsvis. Eit anna område som vi har fokusert på i møta med kommunane, har vore gratis grunnskuleopplæring (gratisprinsippet). Media har tatt opp denne problematikken fleire gongar der elevar må betale for skuleturar. Ved fleire hove har vi bedt skuleeigar om konkrete vurderingar etter oppslag i media. Gjennom rådgivning har sakene løyst seg.

Vi har også hatt andre samlingar der skulefagleg ansvarleg var målgruppa - og temaet var spesialpedagogisk hjelp for førskulebarn. I tillegg har vi summert opp alle tema vi hadde tilsyn med i 2009 og peikte på kva som hadde vore særleg utfordrande for kommunane.

Ved sida av arbeidet med tilsyn som er skissert i pkt 2-3, har vi brukt ein del tid til å arbeide med utvikling av tilsynsmateriell på læreplanar etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Dette har vi gjort som eit teamarbeid på avdelinga, i tillegg har vi presentert arbeidet med læreplantilsynet undervegs i sørvestgruppa for utdanningsdirektørane, og har hatt nokre møte med utdanningsdirektoratet der vi har drøfta tilsynsarbeidet. Vi synest det er fint å få vere med i eit slikt utviklingsarbeid og er klar til utprøving.

Vi har også arbeidd med å skolere oss i tilsyn i vidaregåande opplæring. I og med at fylket har vore med i forsøk med einskapsfylket, har vi ikkje hatt tilsyn på vidaregåande opplæring dei siste 5-6 åra. Det er kommunalavdelinga og med fagleg hjelp frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag som har gjennomført desse tilsyna.

Vi har sett av tid til å skolere oss innanfor dette feltet, og gått gjennom og drøfta ulike problemstillingar og alle tilsynsrapportar som har vore gjennomført med fylkeskommunen og vidaregåande skular.

I tillegg registerer vi at media tar opp mange saker som vi kanskje burde ha følgd opp betre. Men på grunn av kapasiteten på kontoret har vi ikkje sett oss å stand til å følgje opp dette meir. Vi vil understreke at ein del av arbeidstida til dei tilsette går med til reise i samband med tilsynsbesøk i og med at vi har eit langstrakt fylket med 36 kommunar. Vi har også dette året prøvd å effektivisere ressursbruken på tilsyna med t.d. å slå saman før- og opningsmøte, gjennomføre tilsyn i to kommunar på etterfølgjande dagar osv. Vi ser at vi burde ha enda meir ressursar til tilsyn og til å følgje opp skuleeigarane meir med rådgivning og rettleiing.

Ressursar, kompetanse m.m.

Når det gjeld bemanningssitusjonen på avdelinga, har vi hatt eit år med mindre ressursar enn planlagt. Vi har nemleg hatt vakansar og sjukmeldingar. Vi lyste ut ei stilling som jurist utan å få gode nok søkjavar. I tillegg har ein person vore sjukmeldt heile året. Det har medført at andre medarbeidarar har vorte utsett for eit hardt arbeidspress. Frå 1.1.2010 ha vi fått tilsett personar i stillingane og vi vil ha god kompetanse på dei områda vi har ansvar for. Vi vil også no då vi har avslutta einskapsfylkeforsøket, samhandle meir innad i fylkesmannsembetet og bruke meir av den kompetansen fylkesmannsembetet samla har.

I 2009 har vi hatt 10 stillingar tilsaman på barnehageområdet, utdanningsfeltet og saker innan tilskott/informasjon til minoritetspråklege med slik fordeling: 3. årsverk barnehage, 6,4 årsverk utdanning og 0,6 årsverk tilskott/informasjon til minoritetsspråklege.

Vi har brukta ca 2,4 årsverk til tilsyn på utdanningsområdet i 2009 som tilsvarer 37,5% av ressursane.

Tilsynsoversikt utdanningsområdet

Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik	Merknad	Pålegg	Metode	Komment
FMMR Stranda kommune	Forsvarleg system, spes.und. og tilp.oppl, §§ 13-10, 1-3, KAP. 5	Fylkesmannen avdekkja eit avvik: Stranda kommune har ikkje eit forsvarleg system for å avdekke, vurdere og følgje opp om krava i opplæringslova og forskriftene knytt til tilpassa opplæring, her under spesialundervisning, blir oppfylt. I dette ligg også at kommunen ikkje har den nødvendige avklaringa av roller og ansvar i	Ingen merknad	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Tilsynet er i lukka. Stran kommune har presentert ei plan for luk men ikkje bekrefta at denne er implemen

			kommuneadministrasjonen.				
FMMR	Bodalen friskole	Spes.und., tilpasset oppl. §§ 5-2, 1-3, kap. 5	Ingen avvik	Ingen merknader	■	Systemrevisjon	Tilsynet er avslutta
FMMR	Ørskog kommune	Forsvarleg system, spes.und./tilp.oppl. §§ 13-10, 1-3, kap. 5	1: Nokre av enkeltvedtaka som er fatta av Ørskog kommune er ikkje i samsvar med krava i opplæringslova når det gjeld mål, organisering og innhald i opplæringa.	Ingen	■	Systemrevisjon	Tilsynet er avslutta
FMMR	Stordal kommune	Forsvarleg system, spes.und. og tilp.oppl., §§ 13-10. 1-3, kap. 5	Ingen avvik	Ingen merknad	■	Systemrevisjon	tilsynet er avslutta
FMMR	Ulstein kommune	Forsvarlig system, spes.ped. hjelp til barn i førskolealder §§ 13-10, 5-7.	Ingen avvik	Ingen merknad	■	Systemrevisjon	Tilsynssubje delvis valgt bakgrunn av tilsynsplan o risikovurder med bakgru klagebehand Behovet for tilsyn med d tema mello annet fremkomme gjennom klagebehand Tilsynet er avsluttet.
FMMR	Fraena kommune	Forsvarleg system, spes.ped. hjelp til barn i førskolealder §§ 13-10, 5-7.	Ingen avvik	Ingen merknad	■	Systemrevisjon	Tilsynssubje delvis valgt bakgrunn av tilsynsplan o risikovurder med bakgru klagebehand Behovet for tilsyn med d tema mello anna vist seg gjennom klagebehand Tilsynet er avslutta.
			1: Molde kommune har				Tilsynssubje delvis valgt bakgrunn av tilsynsplan o risikovurder med bakgru klagebehand Behovet for tilsyn med d tema mello annet

FMMR	Molde kommune	Forsvarlig system, spes.ped. hjelp til barn i førskolealder §§ 13-10, 5-7.	ikke et forsvarlig system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 fattes i samsvar med bestemmelsene i opplæringsloven § 5-3.	Ingen merknad	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	fremkomme gjennom klagebehand Molde kommune har sendt inn en forlukking avvik, men det er ennå ikke behandlet av Fylkesmann Møre og Romsdal. Tilsynet er derfor ikke avsluttet.
FMMR	Vanylven kommune	Forsvarleg system, spes.ped. hjelp til barn i førskolealder §§ 13-10, 5-7.	1: Vanylven kommune har ikke eit forsvarleg system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24	Ingen merknad	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Tilsynssubjekt delvis valgt bakgrunn av plan for tilsyn og risikovurder med bakgrunn klagebehand Behovet for tilsyn med dette tema mello anna vist seg gjennom klagebehand Vanylven kommune har enno ikkje inn om lukk av tilsyn.
FMMR	Giske kommune	Forsvarleg system, spes.ped. hjelp til barn i førskolealder §§ 13-10, 5-7.	Fylkesmannen avdekkja to avvik. Avvik 1. Giske kommune har ikke eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at alle barn får same mulighet til å få den hjelpe dei har fått tildelt etter enkeltvedtak og dermed har krav på etter opplæringslova § 5-7. Avvik 2. Giske kommune har ikke eit forsvarleg system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24.	Ingen merknad	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	Tilsynssubjekt delvis valgt bakgrunn av plan for tilsyn og risikovurder med bakgrunn klagebehand Behovet for tilsyn med dette tema mello anna vist seg gjennom klagebehand Giske kommune har enno ikke meldt inn om lukk av avvik.
FMMR					<input type="checkbox"/>		

31.2 Klagesaksbehandling

Vi viser til det vi har skrevet i pkt 2-3 ovanfor og vi vil her særleg omtale klage på spesialundervisning og kap 9A om elevens skolemiljø i denne samanhengen.

Opplæringslova kap. 5: Spesialundervisning:

Inneverande skoleår har vi behandla 50 klagesaker om spesialundervisning, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-7 og 4A-2. Som vist i tabellen, har vi for dei 50 klagesakene gitt medhald for 18 klagesaker, medan vi for 32 klagesaker har storfeste vedtaket eller sendt saka tilbake til kommunen for ny utgreiing og ny saksgang.

I eige "Informasjonsskriv" til skoleeigar, skolane og PPT har vi poengtert og utdjupa ein del sentrale omgrep, rutinar og prosessar/samhandling som følgjer av slike enkeltvedtak. Dette er også eit forsøk på å knyte "Veileder" for kap. 5 nærmare inn mot det praktiske og formelle arbeidet som må gjerast av skoleeigar - og som slik kan sikre god kvalitet på det arbeidet som skal føre fram til eit enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp/tiltak.

Tilsynet har vist oss at "Veileder" er svært nyttig som "kompetansebase" mellom dei involverte partane i slike saker, og der synlege rutinar gjennom året med ei kvalifisert evaluering undervegs - gir grunnlag for dei tiltak og det enkeltvedtak som skal gjennomførast påfølgjande år. Innhaldet og samanhengen mellom sakkunnig vurdering, IOP, halvårsrapport og vedtaket har oftast høg kvalitet som nyttige dokument/system for framdrift og gjennomføring av dei vedtekne tiltaka.

Annleis er det for dei klagesakene som kjem inn til fylkesmannen for endeleg klagebehandling. Av dei 50 klagesakene vi har behandla i år, har vi for over halvdelen av desse klagene henta inn nye opplysningar eller bedt skoleeigar gjere ny saksgang før saka på nytt kjem til fylkesmannen. For mange av desse klagesakene blir ikkje avgjort før skoleåret tek til. - Ved vår tilbakemelding til skoleeigar har vi m.a. fokusert på den forvaltningskometansen som må sikrast når skoleeigar ved delegasjon har gitt slike oppgåver til rektorar og barnehagestyrarar.

Opplæringslova kap. 9A: Eleven sitt skolemiljø:

Vi har behandla 6 klagesaker som vedkjem § 9A-3 - eleven sitt psykososiale miljø. Av desse sakene fatta vi endeleg vedtak for 2 av sakene, medan vi for 4 saker ba kommunen om ny saksutgreiing og nye vedtak. Ved tilbakesending av slike saker, brukar vi mykje tid for å skrifteleggjere overfor skoleeigar nyttige tiltak for gjennomføring av slike saker. I slike tilbakemeldingar er alltid "Veileder" for kap. 9A eit sentralt fagleg dokument.

Kap. 9A i opplæringslova, med særleg fokus på §§ 9a-3 og 9A-4, har vore særleg vektlagt i våre møte med skoleeigar og PPT. § 9A-4 har vi fokusert særleg på, for etter vår mening er det denne paragrafen som synleggjer skilje mellom ad hoc-tiltak eller systematiske og langsiktige tiltak. Særlege kjenneteikn for dei klagesakene som kjem inn til fylkesmannen er; - enkeltvedtak og det formelle/skriftlege kjem inn for seint i prosessen, og PPT er fråverande som fagleg aktør.

Andre klagesaker:

Vi har behandla 2 klagesaker på rett til særskilt norskopplæring for minoritetsspråklege elevar etter §2-8 der klagarane fekk medhald.

Det var 18 klagesaker på skyss/farleg skuleveg etter §7-1 i opplæringslova. I 4 av sakene fekk parten medhald, og avslag i dei øvrige. Normalt har vi ikkje så mange klagesaker på skyss/farleg skuleveg, men i år fekk vi fleire frå ei kommune der fleire klaga på den same vegstrekninga.

I tillegg har vi behandla nokre få klagesaker på tidleg skulestart etter §2-1, utvisning etter §2-10 og utvida tid til grunnskuleopplæring etter §2-1. Partane fekk ikkje medhald i desse sakene.

Standpunktklager:

Talet på klager på standpunktcharakterar har vore nokså stabilt dei siste åra (103). I 2009 var det ein markert nedgang i talet på klager som vart returnert til skolen for ny vurdering, frå 50 % i 2008 til 29% i 2009. Nedgangen kan vere tilfeldig, men det kan også skuldast at skolane er blitt flinkare til å dokumentere korleis eleven er vurdert i høve kompetansemåla i LK06. Ei anna årsak kan vere at skolane har fått klar melding om at alle klagene skal sendast fylkesmannen, også dei som rektor kan ha avgjort til gunst for eleven. Det kom inn flest klager i faga kroppsøving og mat og helse.

Av dei klagene som vart sendt attende til skolen for ny vurdering, fekk 59 % heva karakteren. Alt i alt fekk 17% av klagarane heva karakteren.

Klage på eksamenskarakter i sidemål

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt det landsdekkjande ansvaret for klage på eksamenskarakter i norsk sidemål. Klagenemnda behandla i møte 6. og 7. juli dei 525 klagene som kom oss i hende til møtet. 21 klager kom for seint og blei behandla tidleg i september. Vi henta inn medlemmer til klagenemnda frå 9 fylke. Det var fagpersonar som hadde deltatt som sensorar i norsk under årets eksamen. Generelt er det ikkje lett å skaffe sensorar som kan delta i klagenemndsarbeid i juli.

Ressursar, kompetanse m.m.

Som nemnt under pkt 31.1 Tilsyn har vi hatt vakansar i ei stilling dette året og har hatt vanskar med å få tilsett ein jurist med erfaring. I tillegg har ein person vore sjukmeldt heile året. Det har no medført at andre medarbeidarar har vorte utsett for eit hardt arbeidspress. Enkelte klagesaker har nok lagt for lenge før vi har fått behandle dei, men på slutten av året vart vi ajour, og med nytilsettingar frå 1.1.2010 vil vi kunne gjere arbeidet på ein god måte.

	Type klage	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Sum
FMMR Klage i grunnskolen	Opplæringslova § 9A: Eleven sitt skolemiljø	2	4	6
FMMR Klage i grunnskolen	Standpunktakarakterar	29	73	102
FMMR Klage i grunnskolen	Eksamens i norsk sidemål - nasjonalt	173	373	546
FMMR Klage i grunnskolen	Opplæringslova § 5-1: Spesialundervisning	9	15	24
FMMR Klage i grunnskolen	Opplæringslova § 4A-2: Spesialundervisning for vaksne	2	8	10
FMMR Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Opplæringslova § 5-7	7	9	16
FMMR Klage i grunnskolen	Opplæringslova § 2-8: Særskilt norskopplæring	2	0	2
FMMR Klage i grunnskolen	Opplæringslova § 7-1: Skyss/farleg skuleveg	4	14	18

Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltning på barnehageområdet

Viser til pkt 38.1 for nærmare omtale

38.2 Klagesaksbehandling

Forskrift om likeverdig behandling

Dei 12 klagarane som fekk medhald, var alle frå Ålesund kommune. Klagene galdt tilskot for 2008 til ikkje-kommunale barnehagar. Det vart klaga over at kommunen ikkje hadde korrigert kostnader og barnetal for kommunen sine barnehagar for ein barnehage som vart sett i drift i løpet av 2007.

Dei 2 klagarane som ikkje fekk medhald, var begge frå Sula kommune. Klagene galdt tilskot for 2008 til ikkje-kommunale barnehagar. Det vart klaga over at kommunen hadde korrigert kostnader og barnetal for kommunen sine barnehagar for ein barnehage som vart lagd ned i løpet av 2007.

Klagesaksbehandling barnehageloven med forskrifter

	Type klage	Medhold/delvis medhold	Avslag
FMMR Klage etter barnehageloven med forskrifter	Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til off. tilskudd, § 6	12	2

38.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2009 gjennomført tilsyn med 3 av dei 36 kommunane i fylket. Tilsynstema har vore kommunen som barnehagemyndigkeit. Alle tilsyna har vorte gjennomført med systemrevisjon som metode og ein

komune fekk eitt avvik. Tilsynsrapportane er sendt KD og lagt ut på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Vi har hatt tilsyn på følgjande paragrafer i barnehagelova

Kommunen som barnehagemyndighet §8,2.ledd, §16 Tilsyn, §3 Barns rett til medvirkning, §12 Samordna opptaksprosess i kommunen, §12a Rett til plass i barnehagen, §17 Styrar, §18 Barnehagens øvrige personale, §19 Politiattest, §22 Opplysningsplikt til barneverntenesta.

Generelle erfaringar med tilsynsaktiviteten i 2009

-det er fortsatt vanskeleg for kommunane å skilje mellom rollene; kommunen som myndighet og kommunen som eigar men mangel på medvit her er svært ulik frå kommune til kommune.

-det er mange aktivitetar med element av tilsyn i seg som informasjon, orientering om endringar, drøftingar,, og i fleire tilfelle vurderer vi denne aktiviteten som god. Likevel vurderer vi denne aktiviteten i mange av kommunane som ikkje tilstrekkelig i forhold til krava om tilsyn i barnehagelova.

Fylkesmannen har gitt skjønnsmidlar til regionar som har prøvd ut interkommunale tilsynsgrupper som jobbar med betring av tilsyna, skolering i systemrevisjonsmetode og felles system for tilsyn osv.

Tilsynsoversikt barnehageområdet

Ressursrapportering

Resultatområde	FMMR	Sum	
	1510 Fagdep.		
Resultatområde 31	0	0	0
31.1 Tilsyn og opp	0	0	0
31.5 Eksamens og na	0	0	0
Resultatområde 32	0	0	0
32.2 Kompetanseutv	0	0	0
32.3 Skoleporten	0	0	0
Resultatområde 38	0	0	0
38.1 Tilskuddsforv	0	0	0
38.2 Klagesaksbeha	0	0	0
38.4 Tilsyn	0	0	0
Resultatområde 39	0	0	0
Landsdekkende oppgaver	0	0	0
Sum:	0	0	0

Barne- og likestillingsdepartementet

Resultatområde 42 Familierett

Oppdrag - Fylkesmannen i Møre og Romsdal Separasjon og skilsmisse

Tal på løyve:

År

Separasjon

Skilsmisse

Ekteskap inng. (Mannens bostedsadr)

2009

552

461

2008

516

446

1135

2007

515

456

1067

2006

526

480

940

42.1 Ekteskapsloven

42.1 Ekteskapsloven og lov om registrert partnerskap

Vedtak om bevilling til separasjon: 552

Vedtak om bevilling til skilsmisse: 461

42.2 Anerkjennelsesloven

42.2 Godkjenning av utanlandske separasjonar og skilsmisse

Tal på godkjende saker: 64

Resultatområde 44 Familievern

Fylkesmannen skal føre tilsyn med verksemda ved familievernkontora i fylket.

Frå og med 2008 gjeld nye retningsliner for tilsynet, bl.a. er hyppigheita for tilsynet redusert (minst kvart 3. år) og det kan takast i bruk metoden systemtilsyn. Fylkesmennene blir difor bedne om å gjennomføre tilsynsbesøk ved kvart familievernkontor innan utgangen av 2009. I Møre og Romsdal er det tre familievernkontor, og det vart gjennomført tilsyn med alle tre i løpet av 2009. (Ingen tilsyn i 2008)

Fylkesmannen har i 2009 gjennomført følgende tilsyn ved Familievernkontorene i Møre og Romsdal:
Kristiansund 20.april, Molde 3.september og Ålesund 1.desember

Tilsynstemaet har bestått av følgende: Revisjonsleder: Marit Vestad (rådgiver/jurist) og revisor: Sverre Veiset (rådgiver /psykiatrisk sykepleier). Tema for tilsynet har vært 1) journalføring og 2) meklingsordningen.

Alle familievernkontorene har vært godt representert ved tilsynene.

Vår samlede vurdering er at kontorenes valg av intern organisering og rutiner fungerer godt, dette av hensyn til både brukere og ansatte ved familievernkontorene.

Når det gjelder innhold i klientjournalene har fylkesmannen merket seg at det i liten grad fremgår hvilke behandlingstiltak behandler benytter. Fylkesmannen viser her til forskrift om føring av klientjournal og meklingsprotokoll ved familievernkontorene mv. § 4 fjerde ledd, strekpunkt 2 som krever at opplysninger om behandlingstiltak; type, varighet m.v. skal fremgå av journalen. Fylkesmannen har oppfordret til at kontorene tar dette opp internt og jobber med å få på plass rutiner for å følge forskriften. Det har i ettertid vært en del korrespondanser mellom familievernkontorene og fylkesmannen rundt disse forhold.

Resultatområde 45 Barnevern

45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten

Tilsyn med barneverninstitusjonar

Det er 4 statlege og ein privat barneverninstitusjon i Møre og Romsdal. Etter forskriftera skal det gjennomførast til saman minst 16 tilsynsbesøk. Det er gjennomført 15 tilsynsbesøk, av desse var 8 ikkje varsle på førehand. Det vart gjennomført 94 % av dei pålagte tilsynsbesøka.

I tillegg er det gjennomført systemrevisjon ved alle 5 institusjonane. Tema for revisjonen var opplysningsplikt, teieplikt og handtering av opplysningar underlagt teieplikt. Det vart gjeve avvik til to av institusjonane (Kollen ungdomsbase og Sunnmørsheimen), medan Husafjellheimen fekk merknad.

Tilsyn med den kommunale barneverntenesta

15 av 36 kommunar i fylket rapporterer å oppfylle lova sine krav om omsorgsplanar og 7 av kommunane oppfyller lova sine krav om tiltaksplanar. Fylkesmannen arrangerte samling for tilsette i barneverntenesta i desember 2009 der temaet vart tatt opp.

Fylkesmannen med to fagrådgjevarar gjennomførte møte med regionrådet på Søre Sunnmøre for å drøfte felles problemstillingar innan barnevernet, mellom anna vedkomande fristbrot og manglande planar.

Oppfølging / tilsyn med kommunar som bryt tidsfristar

Det er gjennomført tilsynsbesøk med råd og rettleiing i 4 kommunar i samband med fristbrot. To kommunar fekk skriftleg reaksjon. Tilsynet vert gjennomført ved møte med barneverntilsette som informerer om barnevernverksemda, fylkesmannen gjennomgår saksmapper og gir råd og rettleiing for å unngå fristoversittelser i fremtiden. Kommunaleiinga deltar på sluttmøte. I eit tilsynstilfelle vart det gjennomført 3 møter med ei og same kommune. I eit særleg alvorleg tilfelle vart ei kommune v/ kommunaleiinga innkalla til møte hos fylkesmannen. Mulkt som reaksjon er ikkje blitt nytta i 2009.

Rettleiing og informasjon om lover og forskrifter

Det vart i januar gjennomført kurs ifor barneverntenesta med 109 deltakarar. Det vart gitt tilbakemelding om erfaringar frå landsomfattande tilsyn som var gjennomført i 2008, og undervisning om saksbehandling i barneversaker v/ advokat Rikke Lassen.

I dagsmøte i desember med barneverntenesta ga fylkesmannen informasjon om reglar og regelendringar innan fagfeltet.

Samarbeidstiltak

Fylkesmannen arrangerte saman med BUFetat i fylket, Høgskolen i Volda og FO konferansen barnevernkonferansen "eit meir inkluderande barnevern" med 156 deltakarar.

Klagesaksbehandling

Det er behandla 24 saker, der 3 gjaldt klager på einskildvedtak etter barnevernlova. I 2 vart vedtaket oppheva på grunn av manglar ved saksbehandlinga. 1 vedtak vart stadfesta. Av 21 tilsynsklager vart det ikkje gitt merknader i 7 saker, i 2 saker vart det gitt noko råd og rettleiing og i 12 saker vart det funne manglar ved saksbehandlinga.

45.2 Fritak for taushetsplikt

11 saker ble behandlet i 2009.

45.3 Kompetansetiltak/Informasjonsvirksomhet

Følgjande tiltak vart gjennomført:

- Januar: Kurs for tilsette i barneverntenesta om saksbehandling i barneversaker / formidling av erfaringar frå landsdekkande tilsyn
- April: Barnevernkonferansen 2009 "- eit meir inkluderande barnevern?"
- Desember: Møte for barneverntilsette - informasjon om regelverket

45.4 Biologisk opphav

Det er behandla 6 saker om biologisk opphav i 2009.

45.6 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

- 1) Konferanse 11 mars: tema kjønnlemlestelse; Omskjæring av kvinner, gjennomgang av veileder og handlingsplan mot kjønnslemlestelse: Målgruppe helsesøstre og legar i kommunehelsetenesta.
- 2) Konferanse 11 november: Tema Kjønnslemlestelse; perspektiv på kvinneleg omskjæring, om lovverket, korleis møte utfordringane? Målgruppe: personar som arbeider i etatar som kan komme i kontakt med utsette kvinner (breidt sammensatt) fra kommunar i fylket.
- 3) tilskott til 2 kommuner. Begge kommunane gjennomførte dagsseminar med tema kjønnslemlestelse. (den eine kommunen arrangerte det i samarbeid med spesialisthelsetenestea)

Ressursrapportering

ER rapportert i MR fylke rapport

Resultatområde	FMMR	Sum	
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.			
Resultatområde 42	0	0	
Resultatområde 44	0	0	
Resultatområde 45	0	0	
45.1 Tilsyn med ba	0	0	
Resultatområde 46 og 48	0	0	
Sum:	0	0	0

Justis- og politidepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.2 Vergemålsloven

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har merka seg at sakene som kjem inn hit til behandling ofte er juridisk kompliserte. Dette ser ein også av den øvrige kontakta ein har med overformynderia per telefon og e-post.

I 2009 blei det motteke 12 klagesakar og 1 sak i førsteinstans. Det er behandla 13 klagesaker, derav 3 frå 2008. Det er behandla 3 førsteinstans saker, derav 2 frå 2008. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesaker har vore 3,5 månader og på saker behandla i første instans 4,5 månader.

I 2009 mottok fylkesmannen 37 rekneskap (inkl. frå tidlegare rekneskapsår) Det blei handsama 32 rekneskap (inkl. frå tidlegare år). Gjennomsnittlig saksbehandlingstid har vore 7,5 månader.

Det er ikkje utført stadlege tilsyn på grunn av ressurssituasjonen på området. Fylkesmannen har oppretta 2 tilsynssaker. Det vart ikkje funne grunn til å rette kritikk mot overformynderia i desse sakene.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMMR	13	0
Sum	13	0

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Den nye plan- og bygningslova sine krav til ROS-analysar og dokumentasjon av tryggleik i utbyggingsområde har vore tema i embetet sine opplæringsoppleg for kommunane.

Lokalt har også endringa av teknisk forskrift § 7-32 hatt stor betydning for kommunane som har risiko for fjellskredgenererte flodbølgjer. I den endra forskriften er det gitt unntaksbestemmelser som etter nærmere gitte vilkår, blant anna krav om beredskap, opnar for ny og vidare utbygging av fareområda langs Storfjorden og i Romsdalen. Dette gir sjølvsagt mogleigheter for å planlegge vidare samfunnsutvikling i dei berørte kommunane, men samstundes er det også klart at utgreiing- og dokumentasjonskrava som følgjer av forskriften vil med føre mykje arbeid – både for kommunane og for fylkesmannen som rådgjevar og regional planstyresmakt. I november arrangerte fylkesmannen eit dagseminar for dei berørte kommunane og i det vidare har det vore tett dialog med kommuanne som er i gang med planarbeid innanfor forskriften sitt virkeområde.

Kartinnsynsløysinga GisLink blir aktivt brukt til tilrettelegging og publisering av risikoinformasjon.

53.2 Risiko- og sårbarhetsanalyser

I arbeidet med fylkesROS har vi i 2009 prioritert ferdigstilling av fylkesROS-fjellskred. Dette arbeidet omfattar oversiktkartlegging av fjellskredrisiko i dei delene av fylket som ikkje er kartlagde gjennom Åknes/Tafjord-prosjektet. Prosjektleiar er tilsett for perioden april 2008 - april 2010.

Prioriteringa av fylkesROS-fjellskred gjer at embetet ikkje har hatt kapasitet til å prioritere arbeid med ein sektorovergripande fylkesROS. Arbeidet med fjellskredrisiko blir likevel lagt opp slik at resultatet seinare kan gå inn i ein sektorovergripande ROS-analyse. Dette gjeld m.a. digital registrering av sårbar infrastruktur og storulykkesverksemder.

53.3 Arealplanlegging

Dette resultatområdet er utfrå ressursbruk det største enkeloppdraget innanfor fagområdet. I 2009 brukte Fylkesmannen i Møre og Romsdal i overkant av eitt årsverk på samfunnstryggleiksfasleg rådgjeving, rettleiing og uttalar til kommuneplanar, reguleringsplanar og dispensasjonssaker. I løpet av dei siste åra har behovet for innsats på dette området auka kraftig. Dette som ei følgje av fleire forhold: auka saks mengd, skjerpa regelverk og særskilde lokale utfordringar knytt til risiko for fjellskredgenererte flodbølgjer. Totalt handsama fylkesmannen 1221 kommuneplanar, kommunedelplanar reguleringsplanar og dispensasjonssaker i 2009. Dette er 8% fleire enn i 2008. Til 13 av plansakene vart det fremja motsegn utfrå manglande ivaretaking av samfunnstryggleiksmessige forhold. Talet på motsegnet har vore stabilt og etter vår vurdering *høgt* dei siste åra. I nær framtid ser det ut til at talet vil halde seg på dette nivået, først og fremst fordi krava til ROS-analysar og dokumentasjon av tryggleik er blitt skjerpa, og at det tek tid for kommunar og private tiltakshavarar å tilpasse seg dei nye krava. I eit lengre tidsperspektiv meiner vi likevel å sjå ein tendens til auka medvit og kunnskap om forebyggande samfunnstryggleik i arealplanlegginga, og at dette, i løpet av nokre år, vil føre fram til både tryggare arealplanlegging og mogleigheter for fylkesmannen til å prioritere andre oppgåver.

53.4 Veiledning og systematisk gjennomgang og vurdering av kommunene

Tryggleiksomsyn i samfunnsplanlegginga var også i 2009 eit sentralt tema på dei regionale samlingane for plansakshandsamarar i kommunane. Nye temakart for ulike typar risiko blir kontinuerleg gjort tilgjengeleg gjennom GIS-portalen vår.

I 2008 vart det gjennomført tilsyn/rettleiingsmøte med fire kommunar: Aure, Sunndal, Molde og Ålesund. Med desse fire vart ein syklus fullført. Det vart ikkje vurdert føremålstenleg å begynne ein ny syklus året før lov om kommunal beredskapsplikt tredde i kraft.

Tilsyn er avgrensa til å omfatte kommunane si oppfølging av lovfesta krav til helsemessig og sosial beredskap og

dette blir utført i samarbeid med helsetilsynet i fylket. Den systematiske gjennomgangen av øvrig kommunal oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap blir gjennomført som rettleiingsmøte. Tilsyn/rettleiingsmøte vert dokumentert og følgt opp gjennom rapport til kommunen. Det vart i 2009 avdekt eitt avvik mot manglande oppfølging av krav heimla i lov om helsemessig og sosial beredskap. Avviket vert følgt opp av Helsetilsynet i fylket.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Førebuingane til pandemien er sannsynlegvis tidenes største dugnad og løft for norsk offentleg beredskapsplanlegging. I løpet av våren og sommaren gjekk det gjennom alle faglinjer klare pålegg om å utarbeide beredskapsplanar. Fylkesmannen stod sentralt i dette arbeidet, i første rekke som formidlar av pålegg og forventninger til kommunar og eigne forvaltningsområde, men også rapporteringsledd tilbake til nasjonale styresmakter. Sjølv om hovudfokus var retta mot spesifikke pandemi- og kontinuitetsplanar, er det fylkesmannen sitt inntrykk at også generelle helseberedskapsplanar og sektorovergripande beredskapsplanar har blitt løfta gjennom krafttaket i 2009.

Fylkesmannen har i 2009 bygt vidare på "PlanB" som plattform embetet sitt eige beredskapsplanverk og felles beredskapsplanverk for kommunar og regionalstatlege styresmakter med oppgåver og ansvar for flodbølgjeberedskapen på Sunnmøre. Distribusjonen til fylket sine øvrige kommunar har blitt stoppa i påvente av innføringa av eit felles beslutningsstøtteverktøy for DSB, Sivilforsvaret, fylkesmennene og kommunane.

Den enkelte kommune sitt beredskapsplanverk blir gjennomgått og kommentert i samband med rettleiingsmøte/tilsyn og elles etter førespurnad.

Ein ugradert beskrivelse av fylkesmannen sine oppgåver i SBS vart i 2009 lagt inn i PlanB.

Fylkesmannen deltok i 2009 i konferansar/seminar arrangerte av herverande KBO og IUA.

Fylkesmannen sitt atomberedskapsplanverk vart i 2009 flytta over til PlanB. Møte for atomberedskapsutvalet vart etter samråd med Statens strålevern lagt til januar 2010. Tidelte 702-midlar vart nytta til atomberedskapsseminar og øving for fem kommunar: Aure, Halsa, Kristiansund, Averøy og Eide.

54.2 Kommuneøvelser

Fylkesmannen gjennomførte øving for seks kommunar i 2005: Tingvoll, Aure, Halsa, Kristiansund, Averøy og Eide. For Tingvoll vart det gjennomført ei enkel diskusjonsøving for kriseleiinga. Scenariet var utslepp av giftig gass i sentrumsområdet. For dei andre kommunane vart det gjennomført ei felles diskusjonsøving. Målgruppa var nøkkelpersonar i den kommunale kriseleiinga: ordførar, rådmann, beredskapsansvarleg og informasjonsansvarleg. Scenariet tok utgangspunkt i radioaktivt utslepp frå eit reaktordrive fartøy utanfor Mørekysten. Eigen rapport er oversendt til Statens strålevern.

I tillegg deltok fylkesmannen i ei eigeninitiert øving for kommunane Surnadal og Rindal (fullskala speløving, bussulykke) og fylkesmannen planla og gjennomførte ei øving for nøkkelpersonell i Sunnmøre IUA.

Grunna prioritering av store, nasjonale øvingar er berre 22 av fylkets 36 kommunar øvde i fylkesmannen sin regi dei fire siste åra. I 2010 er det derfor lagt opp til øving av 20 kommunar, og "etterslepet" blir då innhenta.

54.3 Regional samordning – øvelse

Det vart ikkje gjennomført øving for fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon i 2009. Dette skuldast fleire forhold, først og fremst at beredskapsorganisasjonen var kontinuerleg engasjert i arbeidet med pandemien. I tillegg kjem det at det var arrangert store øvingar, over fleire dagar begge dei to føregåande åra og at to øvingar er lagt til dei første månadene av 2010.

Utover kommuneøvingane og IUA-øvingane som det er gjort greie for under resultatområde 54.2 vart det i 2009

ikkje gjennomført øvingar i fylket som det var naturleg at fylkesmannen var engasjert i.

54.4 Havneberedskap – øvelse

Ingen oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2009.

54.5 Samarbeid med Forsvaret – øvelse

Det vart ikkje gjennomført sivil-militære samhandlingsøvingar i Møre og Romsdal i 2009.

Løpende dialog med Forsvaret blir ivareteke gjennom fylkesberedskapsrådet, heimevernsdistriktet sitt IFO-møte og regionale totalforsvarsmøte. I desse møta (over to dagar) deltek fylkesmennene, politimeistrane og sjefane for Forsvaret og sivilforsvaret sine avdelingar i Møre og Romsdal og Trøndelagsfylka. I 2009 var totalforsvarsmøtet lagt til Ørland Hovudflystasjon.

54.6 Regional samordning

Det vart i 2009 gjennomført eitt møte i fylkesberedskapsrådet: Hovudtemaet var pandemien. For øvrig omtale av regional samordning under pandemien viser vi til hovudavsnitt 2.6 og resultatområda 54.1 og 55.2.

Det vart ikkje gjennomført møte i atomberedskapsutvalet i 2008. I samråd med Statens strålevern vart dette utsett til januar 2010.

Fylkesmanen deltok i 2009 på det regionale totalforsvarsmøtet for toppleiarane i fylkesmannsembata, politidistrikta, sivilforsvarsdistrikta og forsvaret sine avdelingar i Møre og Romsdal og Trøndelagsfylka.

Fritaksordninga vart følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

54.8 Felles digitalt nødnett

Ingen oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2009.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Fylkesmannen sitt beredskapsplanverk vart ajourført, vidareutvikla og utvida i 2009. Heile planverket ligg på den elektroniske plattforma "PlanB".

Planverket vart vidareutvikla ved at atomberedskapsplanverket vart flytta over til PlanB og ein upgradert beskrivelse av SBS vart lagt til. Planverket vart utvida med ny pandemi-/kontinuitetsplan.

Kommunane sine beredskapsorganisasjonar er fast tema under rettleatingsmøte og tilsyn. I samband med pandemirapporteringa rapporterte alle kommunar at dei har plan for communal kriseleiing.

Det krypterte sambandet er operativt og i samsvar med gjeldande retningslinjer. Vi vil likevel påpeike at det tekniske utstyret er hauggamalt og overmoge for utskifting. Teknisk småplunder oppstår stadig oftare, og det framstår som unødvendig krevjande og lite rasjonelt å vedlikehalde kompetanse og rekruttere nytt personell til å bruke maskinvare og operativsystem som ikkje lenger er i bruk på andre område.

55.2 Krisehåndtering

Svineinfluentaen prega beredskapsarbeidet i 2009. Helse- og sosialavdelinga og kommunal- og

beredskapsavdelinga var tungt involvert frå slutten av april og ut året. Sjølv om vi kom aldri så langt at det for vår del vart snakk om reell krisehandtering, fekk vi likevel brukt og prøvd dei beredskapsplanane, organisasjonsstrukturane, samhandlingsstrukturane og tekniske hjelperådene som er etablerte, og nokre nye som kom til under vefs. Bruken av faste, strukturerete telefonmøte, både mellom Helsedirektoratet og fylkesmennene og mellom fylkesmannen, kommunane og helseføretaka er eit nytt "grep" som vi håpar blir vidareført også under andre situasjoner/kriser, også når andre nasjonale fagstyresmakter er involverte.

Som konkrete samordningstiltak gjennomførte fylkesmannen eitt møte i fylkesberedskapsrådet og eitt halvdagsmøte for kommunane og helseføretaka. Det første telefonmøtet med kommunane og helseføretaka vart gjennomført i august og fram til midten av desember var det telefonmøte med kommunane og helseføretaka kvar eller annakvar veke.

Utover pandemien var ikkje fylkesmannen direkte involvert i anna krisehandtering. Det vart ikkje sendt ut flaumvarsel eller varsel om ekstremvær for Møre og Romsdal i 2009.

55.3 Evaluering

Det var i 2009 ingen hendingar som utløyste behov for evaluering i samsvar med dette oppdraget.

Ressursrapportering

Resultatområde	FMMR	Sum
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 51	0	0
51.2 Vergemålslove	0	0
Resultatområde 52	0	0
52.1 Fri rettshjel	0	0
Resultatområde 53	0	0
Resultatområde 54	0	0
Resultatområde 55	0	0
Sum:	0	0

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Ved begynnelsen av året ble det gjennomført et møte mellom fylkesmannen og Arbeidstilsynet og Mattilsynet for å utveklse tilsynsplanner og gjensidig informere hverandre om det kommunerettede tilsynet. Dette blir et fast årleg møte. Videre var alle tilsynsetatene i fylket invitert til en fagdag i ROS-analyse i forbindelse med tilsyn som vi arrangerte i samarbeid med våre nabofylker i nord.

Fylkesmannen har i 2009 hatt et møte med en kommune og Arbeidstilsynet etter at Arbeidstilsynet har gitt kommunen pålegg som kunne tenkes å ha vesentlig virkning for kommunen. På møtet ble det oppnådd enighet om på hvilken måte kommunen skulle gjennomføre pålegget fra Arbeidstilsynet.

Resultatområde 63 Kommunalrett og valg

63.1 Kommunalrett

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMMR	9	6	3	3	2	1	0	0
Sum	9	6	3	3	2	1		

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Fylkesmannen har i 2009 gjennomført en konferanse for kommunene om den nye offentlighetsloven. Det har vært behov for omfattende veiledning om den nye offentlighetsloven.

Vi har i 2009 ikke fått inn klage over enkeltvedtak gjort av kommunestyret, eller saker om partsinnsyn etter forvaltningsloven.

Vi har behandlet 6 klagesaker over kommunale avslag på innsynsbegjøæringer etter offentlighetsloven i 2009.

Resultatområde 66. Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Av i alt 223 innkomne byggesaker er det avgjort 180 klager. dette er en nedgang fra 2008 der vi behandlet 225. Grunnen til nedgangen er delvis vakanse, og delvis at store ressurser er medgått til å veilede om ny plan- og bygningslov. I 2009 har vi ikke oppfylt kravet om en gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 3 måneder.

Vi har behandlet 9 saker om sakskostnader knyttet til klagebehandlingen etter plan- og bygningsloven

Innenfor saksfeltet er det stort behov for veiledning om regelverket, og i 2009 her det vært mye veiledning om ny plandel, og gjennerelt spørsmål om overgangsbestemmelsene mellom ny og gammel lov.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi behandla 4 klager på kommunenes vedtak om å ekspropriere i samsvar med reguleringsplan i 2009. Vi har videre behandla to vedtak om å ta i bruk grunnen før det er avholdt skjønn

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0	0		Vi har ikke hatt saker etter eierseksjonsloven i 2009
Sum	0	0		

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0	0	0	Vi har ikke hatt saker om forkjøppserett av leiegårt i 2009
Sum	0	0		

Ressursrapportering

All ressursrapportering er i MRfylke-rapporten.

Resultatområde FMMR Sum

1510 Fagdep. 1510 Fagdep.

Resultatområde 61, 63, 64 og 65	0	0
Resultatområde 62	0	0
Resultatområde 66.	0	0
Sum:	0	0

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester

Fylkesmannen har behandla 118 saker etter sosialtenestelova i 2009. 53 etter kap. 4, 61 etter kap. 5 og 4 etter andre bestemmingar.

112 av dei 118 sakene, dvs. 95%, er behandla innen 3 mnd.

Vi viser elles til Rapportering til Statens helsetilsyn for 2009 når det gjeld klagesaker etter sosialtjenestelova. Dette blei sendt inn elektronisk innan fristen 20.01.10. Viser også til SYSAM (systematisk samanlikning) som vi rapporterer kvart tertial.

Resultatområde 78 Innvandring og integrering

78.1 Statsborgersaker

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMMR	1	23,6
Sum	1	

Ressursrapportering

Pga forsøket med Einskapsfylke er ressursrapporteringa registrert i MRfylke-rapporten.

Resultatområde FMMR Sum

1510 Fagdep. 1510 Fagdep.

Resultatområde	FMMR	Sum
Resultatområde 73	0	0
73.3 Kvalifisering	0	0
Resultatområde 78	0	0
Resultatområde 79	0	0
Sum:	0	0

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

76.5 Felles digitalt nødnett

Ein viser til brev frå helsedirektoratet av 22.05.2009. DNK har meldt til direktoratet at Nødnettprosjektet vil få ein ytterlegare forseinking. Det har ikkje vore noko aktivitet i Møre og Romsdal ifb med dette prosjektet i 2009. Ifølgje heimesida til prosjektet er Østfold og Follo politidistrikter dei første som skal ta det nye naudnettet i operativ bruk i veke 51/2009.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Pandemi /smittevern : Året vart prega av pandemien , den nye influensa A (H1N1). I slutten av april kom dei første meldingane om ein mogleg epidemi frå Mexico. Heile året har det vore tett samarbeid mellom Fylkesmannen, helse- og sosialavdelinga og beredskapsseksjonen i kommunal- og beredskapsavdelinga.

- Stabsmøter i periodar.
- Mai: møte med alle kommunane og helseføretaka i to møter. Tema: planlegging.
- 2. september: møte med fylkesberedskapsrådet- tema pandemi
- Deltok i Helsedirektoratet sine telefonmøter frå april til desember, i haustmånadene kvar/ annakvar veke.
- Telefonmøter med kommunane og helseføretaka kvar/ annakvar veke frå august til desember. Hovedfokus på formidling av viktig informasjon og sørge for samordning av kommunale tiltak både ifht planlegging og vaksineforebuingar og gjennomføring.
- Omfattande formidling av informasjon frå helsedirektoratet til kommunane, hovedsakeleg med nettet som medium.
- Omfattande rådgjeving i høve kommunane sitt arbeid med planlegging- bidro med informasjon om hjelpemidlar som var utarbeida sentralt.
- Rapporteringar frå fylkesmannen til helsedirektoratet ihht oppdrag- dei fleste vekene i haust basert på vekerapportar frå kommunane- dei andre basert på telefonmøte.
- Mykje forespørsel frå media i periodar.
- deltakelse i nettmøte i ein avis.
- Noko arbeid med eigen beredskapsplan.
- Arbeid med "kontinuitetsplanlegging" ihht vegleiar frå DSB i eigen organisasjon.
- Ved årsskifte er status: Omlag 1000 bekrefta tilfeller i Møre og Romsdal. Dei første tilfella vart meldt medio juli. 29 døde på landsbasis, derav 2/3 som tilhørde risikogruppene. Alle kommunar har avslutta massevaksinasjonstilbodet, heile befolkninga har fått tilbod, 32 kommunar har registrert over sette vaksiner til over 40% av befolkninga i PANVAK (betydeleg etterslep i registreringane)

Konklusjon: Den andre bølga med pandemien slo til medio oktober, omlag samstundes med at vaksina vart sendt ut. Det vart ikkje nødvendig å sette i verk kriseplanar, og pandemien vart handtert innafor dei ressursane helsetenesta hadde til rådvelde. Årsaka til dette var at det hadde vore gjort svært mykje arbeid planleggingsfasen,

og med betydeleg innsats frå alt involvert personell.

Planarbeid: PÅ grunn av pandemien har det vore betydeleg aktivitet i alle kommunar med å oppdatere planverk- ihht krise- og beredskapsplanar, helse- og sosialberedskapsplanar, smittevernplanar med pandemidelplanar og plan for massevaksinasjon, plan for samfunnsmessige konsekvensar av stort arbeidsfårvær- og arbeid med planverk i skule og barnehagar. Pandemien førte til at det i stor grad vart forankra i leiing- og det vart tverrfagleg samarbeid om planverket.

Ein viser og til resultatområde 54-56 (Justisdep) om beredskap. Tilsyn med kommunane si oppfølging av lovfesta krav til helsemessig og sosial beredskap blir utført i samarbeid med kommunal- og beredskapsavdelinga. Den systematiske gjennomgangen av øvrig kommunal oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap blir gjennomført som rettleiingsmøte. Tilsyn/rettleiingsmøte vert dokumentert og følgt opp gjennom rapport til kommunen. Det vart i 2009 avdekt eitt avvik mot manglende oppfølging av krav heimla i lov om helsemessig og sosial beredskap. Avviket vert følgt opp av Helsetilsynet i fylket.

Statens strålevern: Møte med statens strålevern, helse- og sosialavdelinga og beredskapsavdelinga hos fylkesmannen. Det vart gjennomgang av atomberedskap, og planlegging av felles møte med Sogn og Fjordane og begge fylker sine atomberedskapsråd (som er fylkesberedskapsråd) med Statens Strålevern sitt opplegg for kompetanseheving og opplæring. Møtet vart gjennomført i januar 2010, og vart avslutta med ei øving.

DSB: tilsyn med samfunnssikkerheit og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen i Møre og Romsdal i august. Fylkeslegen som leiar av helse- og sosialavdelinga vart intervjua.

Øvingar: det har ikkje vore øvingar i 2009- men det har vore fleire dei siste åra, m.a i 2008. (pandemi og skred)

77.3 Særfradrag

9 saker oversendt til helsedirektoratet pga. klage.

totalt 58 saker registrert inn i 2009, 29 saker avslutta, derav 6 som har vore overført frå 2008.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saker saksbehandlingstid
FMMR	23	39
Sum	23	

77.5 Pasientjournaler

Det har vore 4 saker om innsyn i pasientjournal (som er arkivert), evt. tolkning av regelverk kring arkivering av journalar.

1 sak med spørsmål om avlevering av papirjournalar frå legekontor pga. plassproblem- rådgjeving ifht regelverk.
Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMMR	0
Sum	0

77.6 Rett til trygderefusjon

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.2 Miljørettet helsevern

Det visast og til årsmeldinga til Møre og Romsdal fylke, punkt 83.2. Eit få tal (under 10) nye saker som skal behandlast etter Kommunehelselova kap 4A kjem inn i løpet av året. Nokre blir sendt tilbake til kommunen til første gongs handsaming. Nokre få saker er særslig omfattande, og har ofte vore behandla hos Fylkesmannen ved gjentatte anledningar gjennom fleire år, etter anna lovverk.

83.4 Forebygging av osteoporose og osteoporotiske brudd

Viser til årsmelding for Møre og romsdal fylke. Punktet utgår som eige punkt.

83.6 Smittevern

Det har ikkje vore behandla saker etter lov om smittevern i 2009, kfr. arbeidsbeskriving i embetsoppdraget.

Heile året vart prega av pandemien, influensa A (H1N1)- ein viser til omtale i punkt 77.1 og i punkt 83.6 i årsmeldinga til Møre og Romsdal fylke.

Resultatområde 87 Psykisk helse

87.1 Tvungen undersøkelse

87.2 Behandling uten eget samtykke

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Vi har ingen pasienter i privat forpleining i fylket.

87.5 Vedtak om overføring

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Vi har to kontrollkommisjoner med totalt 4 medlemmer og 4 varamedlemmer i hver konmmisjon- totalt 16 medlemmer.

Resultatområde 88 Rusområdet

88.1 Alkoholloven

Vi har behandlet 3 klager over kommunale vedtak etter alkoholloven i 2009. Det har vært fastsatt gebyr for 8 statlige skjenkeløyver i 2009.

Sammen med Helsedirektoratet er det i 2009 arrangert kurs for kommunene i fylket med formål å styrke den kommunale skjenkekontrollen.

88.2 Rusmiddelarbeid

Dette punktet er besvart i årsmeldinga til einskapsfylket Møre og Romsdal fylke- ein viser til dette.

73.1 Lov om sosiale tjenester

Ressursrapportering

ER rapportert i MR fylke rapport

Resultatområde	FMMR	Sum
1510 Fagdep. 1510 Fagdep.		
Resultatområde 75 og 86	0	0
Resultatområde 76 og 77	0	0
Resultatområde 81	0	0
Resultatområde 82	0	0
Resultatområde 83	0	0
Resultatområde 84 og 85	0	0
Resultatområde 87 og 88	0	0
Sum:	0	0

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

81.1 Planlagte tilsyn

Det var i 2009, som tidlegare år, krav om 11 systemrevisjonar på sosialtenesteområdet.

Det vart gjennomført fire landsomfattande fellestilsyn med kommunale sosial- og helsetenester til barn i barnebustader og avlastningsbustader (Haram, Eide, Molde og Smøla). Vidare vart det gjennomført eitt eigeninitiert tilsyn med sosialtenestelova kapittel 4 (tenester til personar med utviklingshemming som bur i bufellesskap mm). To tilsyn med sosialtenestelova kapittel 4 og tre tilsyn med kapittel 4A måtte utgå pga. ressurssituasjonen i avdelinga.

Fylkesmannen følgjer og opp tilsyn frå tidlegare år, der avvik ikkje har blitt lukka. (I 2008 ble krav til tal på tilsyn oppfylt)

Vi viser til Rapportering til Statens helsetilsyn for 2009. Dette blei sendt i brev innan fristen 20.1.2010.

81.2 Områdeovervåking

Fylkesmannen har utarbeid nokre risikovurderinger knytt til tenester for mennesker med psykiske lidingar. Basert på desse er det blant anna i 2009 ført tilsyn med akuttpsykiatritilbodet i Midt-Noreg.

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen har behandla 118 saker etter sosialtenestelova i 2009. 53 etter kap. 4, 61 etter kap. 5 og 4 etter andre bestemmingar.

112 av dei 118 sakene, dvs. 95%, er behandla innen 3 mnd.

Vi viser elles til Rapportering til Statens helsetilsyn for 2009 når det gjeld klagesaker etter sosialtjenestelova. Dette blei sendt inn elektronisk innan fristen 20.01.10.

81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtjenesteloven kap. 4A

Fylkesmannen har i 2009:

- gått gjennom meldingar og behandla klager på skadeavergande tiltak i naudssituasjonar: 734
- overprøvd vedtak om planlagde skadeavergande tiltak og tiltak for å dekke grunnleggande behov: 57 (12 saker er til behandling, ikkje avslutta)
- behandla søknader om dispensasjon frå utdanningskrav: 621 tenesteytarar
- gjennomført stadleg tilsyn der Fylkesmannen har godkjent gjeldande vedtak om bruk av tvang og makt overfor utviklingshemma, og kor det ikkje tidlegare har vært gjennomført stadleg tilsyn: 2

Ein viser til ressursrapportering for HOD i årsmeldinga til Møre og Romsdal fylke- pga. ressurssituasjonen har det vore får stadlege tilsyn.

81.5 Andre oppdrag

Tilsette ved avdelinga deltok på samling i Statens Helsetilsyn 8.-9.12.2009. Helsetilsynet i Sør Trøndelag sendt innspill til områder for svikt ihht eldresatsingen på vegne av dei tre fylka i regionen.

81.6 Hendelsesbasert tilsyn

Det er i 2009 avslutta 8 saker etter § 2-6, medan 1 sak er under arbeid ved starten av 2010. Det var forskjellige problemstillingar rundt hjelpetilbod og saksbehandling som blei tatt opp. Fylkesmannen ba om ei utgreiing frå kommunen utifrå dei klagene eller bekymringsmeldingane som kom. På bakgrunn av tilbakemeldingane frå kommunen, bad fylkesmannen om at kommunen måtte setje i verk tiltak, til dømes i form av betre rutinar eller meir hjelp. I eit tilfelle omgjorde kommunen sitt eige vedtak og innvilga hjelp i samsvar med søknad. I alle tilfella følgde kommunane opp med å setje i verk ulike tiltak, og fylkesmannen fann at desse ville vere tilstrekkeleg til å løyse dei problema som var påpeikt.

Resultatområde 82 tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Helsetilsynet i Møre og Romsdal har motteke 121 saker og ferdigbehandla 146 saker der det er klaga over pliktbrot frå helsepersonell/-verksemder si side. Detaljert elektronisk rapportering om dette (RegRoT) er innsendt til Statens Helsetilsyn pr. 07.01.10.

Vi har i 4 høve vorte kontakta av politiet for å gje råd om etterforsking.

82.2 Planlagt tilsyn

Det er for Møre og Romsdal krav om 17 systemrevisjonar etter helselovgivinga.

I 2009 vart det gjennomført tilsyn med:

1. Spesialisthelsetenesta (samarbeid mellom Helsetilsynet i Møre og Romsdal, Sør Trøndelag og Nord Trøndelag) (tal for Møre og Romsdal)

- Spesialisthelsetenester ved DPS til vaksne med psykiske lidingar (2)
- Tilsyn med akuttpsykiatrien (2)
- Tilsyn med rehabiliterings- og sikkerheitspsykiatri tilbodet til vaksne med psykiske lidingar (1)
- Tilsyn med akuttmottak (oppfølgingstilsyn) (2)

2. Kommunane:

- Kommunale sosial- og helsetenester til barn i barnebustader og avlastningsbustader (4) (fellestilsyn)
- Tilsyn med legemiddelbehandling i sjukeheimar (6)

Fylkesmannen følgjer og opp tilsyn fra tidlegare år, der avvik ikkje har blitt lukka.

Vi viser til Rapportering til Statens helsetilsyn for 2009. Dette blei sendt i brev innan fristen 20.1.2010.

82.3 Områdeovervåking

Systematisering av eigne tilsynserfaringar:

Vi har ikkje utført ei systematisk risikoanalyse innan område helse og sosialtenester til personar med psykisk liding. Tilsynserfaringar frå 2007 og ulike bekymringsmeldingar om at tenestetilboda blir redusert etter Opptrappingsplanens slutt blir lagt til grunn når vi planlegg eigeninitierte tilsyn på dette området i 2010.

To personar frå vår avdeling deltok på kurs i tekstanalyse 13.-14. mai 2009.

Meldingar etter spesialisthelsetenestelova § 3-3:

Meldefrekvensen i vårt fylket har totalt sett auka dei siste åra, men er framleis svært lav samanlikna med landet og regionen elles. Vi har motteke totalt 57 meldingar i 2009 derav 4 meldingar om suicid/parasuicid - ei av desse har blitt tilsynssak.

Meldingane kan ta lang tid gjennom institusjonen bl.a. fordi det relativt sjeldan er møte i kvalitetsutvala. Dette er vidareformidla i årleg møte.

Gjennom regionalt samarbeid med helsetilsyna i regionen når det gjeld rutinar for saksbehandling, registrering, utarbeiding av statistikk og analyse av § 3-3 meldingar har vi utarbeidd ulike kartleggingar. Her kjem det fram at det også innan regionen er store skilnadar i meldefrekvens.

Eit helseføretak i vårt fylke er pilot på e-meldeprosjektet og klar til å ta dette i bruk frå nyttår.

82.4 Klager etter helsetjenestelovgivningen

Vi har motteke 29 og avslutta 32 saker i løpet av 2009. Dette er nær ei halvering i høve til året før. Meir enn halvparten av dei avslutta sakene gjaldt klager vedrørande sjuketransport etter pasientrettslova § 2-6.

Detaljert elektronisk rapport (RegRoT) er innsendt til Statens Helsetilsyn pr. 07.01.10.

82.5 Andre oppdrag

Tilsette ved avdelinga deltok på samling i Statens Helsetilsyn 8.-9.12.2009. Helsetilsynet i Sør Trøndelag sendt innspill til områder for svikt ihht eldresatsingen på vegne av dei tre fylka i regionen.

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Avkjørselssaker etter vegloven

I 2009 har det vært behandlet 1 klage over Statens vegvesens vedtak om å avslå avkjørsel til riksveg.

Statens vegvesen har pålagt 8 kommunale vedtak etter plan- og bygningsloves som fylkesmannen har behandlet i 2009

Ressursrapportering

All ressursrapportering er i MRfylke-rapporten.

Resultatområde	FMMR	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.

Resultatområde 91 og 92	0	0
-------------------------	---	---

Sum:	0	0
------	---	---

Utenriksdepartementet

Resultatområde 93 Apostiller

Det er påført 1502 apostille-dokumenter i 2009 (514 saker).

Ressursrapportering

Rapportert i MRfylke-rapporten.

Resultatområde	FMMR	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.

Resultatområde 93 og 94	0	0
-------------------------	---	---

Sum:	0	0
------	---	---